

NYTT FRÅ PROGRAM FOR SKULEBIBLIOTEKUTVIKLING NOVEMBER 2011

Prosjektskular 2011-2012 i Program for skulebibliotekutvikling

51 skular har fått prosjektstøtte frå programmet dette skuleåret, og dei nye skulane har no vore gjennom det første av dei to obligatoriske etterutdanningskursa. Dei har òg fått tildelt rettleiar som skal følgje dei gjennom prosjektperioden. Nokre av skulane samarbeider, slik at det er til saman er 45 nye prosjekt. Oversikt over prosjektskulane og smakebitar frå prosjekta deira finn de på www.skolebibliotek.uia.no

Ressursskular 2011-2012

10 av skulane som var prosjektskular førre skuleår, fekk fornya støtte for 2011-2012 og er ressursskular i Program for skulebibliotekutvikling. Skulane møtttest i oktober og gjekk gjennom prosjekta sine. Prosjekta vil verte presenterte på ein erfaringskonferanse og i ein publikasjon våren 2012. Oversikt over ressursskulane og meir om prosjekta på: www.skolebibliotek.uia.no

Prosjektmidlar for neste skuleår

Alle grunnskular kan søkje om midlar frå Program for skulebibliotekutvikling. Søknadene skal gå via skuleeigar. Informasjon vert sendt direkte til grunnskular og skuleeigarar i løpet av januar, og søknadsskjema og informasjon vil liggje på nettstaden www.skolebibliotek.uia.no.

Publikasjon om ressursskulane 2010-2011

Publikasjonen om ressursskulane 2010-2011, "Tekstmangfold og tilpasset opplæring", kan sendast ved førespurnad. Han ligg òg som pdf på www.skolebibliotek.uia.no

Siri Ingvaldsen
Fagleg leiar
siri.ingvaldsen@uia.no
38 14 20 16 / 907 89 828

Anne Kari Slettan
Prosjektkoordinator
anne.k.slettan@uia.no
Tlf: 38 14 11 75